

# BOKN KOMMUNE

## Formannskapet

### HOVUDUTSKRIFT

**Møtedato:** 18.12.2018

**Møtetid:** Kl. 18:30 - 19:00

**Møtestad:** Bokn Arena - møterom 2. etg.

**Saksnr.:**

<b>Følgjande medlemmer møtte</b>	<b>Parti</b>
Kari Christensen	AP
Lars Sigmund Alvestad	H
Lene Ognøy Foss	H
Sigmund Alvestad	KRF
Anita Kro	SP
Eirik Nedrebø	SP
Tormod Våga	SP

<b>Møteleiar:</b>	Tormod Våga
<b>Frå adm. møte:</b>	Rådmann Jan Erik Nygaard og kommunalsjef tenester Ingrid Sofie Rundhaug
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Orientering:</b>	
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Diverse:</b>	Ordførar meldte inn tilleggsak – Kjøp av Sveio sin andel av Haugaland Næringspark

Underskrifter:



---

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
073/18	Godkjenning av innkalling
074/18	Godkjenning av møteprotokoll
075/18	Revisjon av Plan for idrett og fysisk aktivitet 2018
076/18	Tilleggssak - kjøp av Sveio sin andel av Haugaland Næringspark.

## **073/18 Godkjenning av innkalling**

**18.12.2018 Formannskapet**

### **Behandling:**

Ordfører melder inn ein tilleggs sak ang. kjøp av Sveio sin andel i Hagaland næringspark.

### **FS - 073/18 Vedtak:**

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

Lene Ognøy Foss og Eirik Nedrebø vart veld til å signere møteprotokollen.

## **074/18 Godkjenning av møteprotokoll**

**18.12.2018 Formannskapet**

### **Behandling:**

### **FS - 074/18 Vedtak:**

Møteprotokoll vert godkjent utan merknader.

## **075/18 Revisjon av Plan for idrett og fysisk aktivitet 2018**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen innstiller på at Plan for idrett og fysisk aktivitet 2014 – 2022 vert revidert gjennom eit tillegg til Vedlegg 1: Handlingsprogram:

Nytt punkt 4: Oppstilling/installasjon av klatrepark på kommunen sin eigedom ved Bokn Arena/Bokn skule.

**18.12.2018 Formannskapet**

### **Behandling:**

Ordfører ynskjer ei endring i tekst i punkt 4. Bokn skule vert endra til "der kor folk ferdast".

Det kom inn eit forslag frå AP sin representant om å ta austre Bokn med i vurderinga når lokasjon av anlegget skal besluttast. Dette grunna ein del nybygging og etablering av familiar med born fleier plasser på asutre Bokn, og at eit slikt anlegg kan være positivt for barn og unge som bur der.

### **FS - 075/18 Vedtak:**

Saka vart einstemmig godkjend.

## **076/18 Tilleggssak - kjøp av Sveio sin andel av Haugaland Næringspark.**

Ordfører melder inn ein tilleggssak ang. kjøp av Sveio sin andel i Hagaland næringspark. Bokn kommune ynskjer å kjøpe ein andel av Sveio kommune sin andel i Haugland næringspark. Dette vil koste 1 440 000,- . Ordførar foreslår å ta dette av driftsmidler frå 2018. Dette grunna forventa overskudd på drift i 2018 etter at kommunen fekk eit tilskudd frå havbruksfondet i 2018.

### **18.12.2018 Formannskapet**

#### **Behandling:**

Representant frå AP ynskjer å utsetje saka etter som den ikkje stod på sakskartet.

#### **FS - 076/18 Vedtak:**

Avstemming var gjennomført. Forslaget frå AP falt med 6 mot 1 røyst.

Formannskapet vedtok 6 mot 1 røyst å gå inn for å kjøpe andelen som er tilbudt frå Sveio kommune sin andel i Haugaland næringspark.